

Tverrfagleg prosjektoppgåve om berekraft i skulen sitt nærområde



SIRKULÆRE HEIMPLASSEN VÅR

LÆREPLAN

Tverrfagleg arbeid med desse tema rører fleire fag og mange læringsmål. Alle trinn kan delta i arbeidet på ulikt vis, og vi vel å peike på korleis denne oppgåva svarar til ei rekke kjerneelement i dei ulike faga framfor spesifikke kompetansemål.

Det ligg lenker til LK-20 i fagoverskriftane.

Naturfag

- Naturvitenskapelege praksiser og tenkemåtar
- Jorda og livet på jorda

Samfunnskunnskap

- Undring og utforsking
- Samfunnskritisk tenking og samanhengar
- Berekraftige samfunn

Norsk

- Tekst i kontekst
- Kritisk tilnærming til tekst
- Munnleg kommunikasjon
- Skriftleg tekstskaping

Matematikk

- Modellering og anvendingar
- Resonnering og argumentasjon
- Representasjon og kommunikasjon

Læreplan i kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE)

Etisk refleksjon

Kunst og handverk

- Handverksferdigheiter
- Kunst- og designprosessar
- Visuell kommunikasjon

OPPGÅVE

Døme: Sirkulære Sletta, Sirkulære Leknes,
Sirkulære Sagstad
– eller Sirkulære Holsnøy
(samarbeid mellom fleire skular)

Korleis kan eit tårn som presenterer fortida, notida og framtida sjå ut?

Bygg eit tårn der klassa, trinnet eller skulen din presenterer korleis heimlassen såg ut, korleis han ser ut og korleis de vil at han skal utvikla seg og bli.

Ha som mål å lage ei kommunal utstilling i samband med Biosfæredagen.



KARTLEGGING

Døme på metode: klassemøte,
gruppearbeid, inspirasjonstavler

Kva kjenneteikner heimplassen vår?

Har vi mykje industri? Har vi mykje landbruk?

Korleis driv vi landbruk her?

Har vi mykje fjell eller skog? Har vi havbruk?

Er det mykje veg og trafikk?

Har vi noko spesielt vi har vore eller er flinke til (handverk, landbruk, produksjon med meir)?

Kva ressursar har vi?

Det kan vere noko av det som kjenneteikner heimplassen, men det kan og vere ressursar som ikkje blir utnytta, til dømes udyrka jord, plantar og trær som kan gi mat og material men som ikkje blir brukt.

Eller kanskje er det dyr, plantar og material som blir brukt for mykje?

Kva treng vi ta vare på?

Har vi til dømes artar, plantar, insekt eller dyr, som er utrydningstrua?

Har vi handverkstradisjonar eller arbeidsmåtar vi er iferd med å gløyme, men som vi kan trenge vidare?

Har vi natur vi treng å verne mot til dømes utbygging for å ha natur til rekreasjon, leik, ivaretaking av artsmangfaldet, jordbruk, fotosyntese og karbonlagring?

Korleis vil vi at heimplassen vår skal vere i framtida?

Det kan vere lettare å styre retning på eit arbeid når ein veit kva mål ein siktar på.

Kva kjennerteikner ein god stad å bu og leve?

Er det stor variasjon i kva ønsker menneske har for heimplassen sin?

Er det mogeleg å skape ein heimlass som rommar alle sine ønsker?

Tek vi vare på natur og miljø på vår ideelle heimlass?

Er det samsvar med ønska våre og eit berekraftig levevis?

KUNNSKAPS- INNHEITING

Husk å
notere
undervegs
!

Kva typer kjelder?

- Kommunen
- Internett
- Observasjon ute
- Kart
- Gamle og nye bileter
- Interesseorganisasjonar
- Folk som kan fortelje historiar om korleis det var og såg ut før

På skulen, ute eller heime?

- Observasjon ute rundt skulen eller i nærmiljøet.
- Møter med kjelder; nokon som kan fortelje om det de vil finne ute – anten på skulen, via bildetelefon eller med å besøke folk.
- Arbeid på internett.
- På biblioteket (bøker, arkiv)

Korleis vil vi at heimplass vår skal bli i framtida?

- Kva drøymer vi om?
- Skrive tekstar
- Teikne
- Generere KI-bileter slik Nordhordland UNESCO Biosfære har gjort.
- Fotografere og dokumentere det ein vil ta vare på eller bygge vidare på

Nyttige informasjonskjelder

Kart

[Norgebilder.no](#) har kart frå ulike tidsperiodar og er lett å bruke. Korleis såg det ut der du bur for 50 år sidan?

Natur

[Artsdatabanken.no](#) har oversikt over kvar i Noreg ulike artar finnast, kven som er raudlista og kven som er framande artar.

Statistikk

[Ssb.no](#) har tilgjengeleg talmateriale og figurar for mange samfunnsrelevante tema. Under [kommunefakta](#) finn du mykje talmateriale frå din kommune.

Sirkulære Nordhordland

Vandreutstilling og nettressursar på lyngheisenteret.no/sirkularenordhordland

PRESENTASJON

KVA

Kva er hovudbodskapet vårt? Kva ønsker vi å fortelje andre?

KORLEIS

Korleis vil vi fortelje bodskapet vårt?

KVAR

På skulen? På biblioteket?

KVEN

Medelevar? Foreldre, besteforeldre og naboar? Politikarar?

KVIFOR

Kvifor er det verdifult å formidle bodskapen til andre?

TEKST

Skriv korte og presise tekstar.

Lesaren er utolmodig og vil raskt vidare dersom det tek for lang tid å forstå budskapet. Sei det viktigaste først, og bruk enkle ord og korte setningar.

Bruk overskrifter, mellomtitlar og figurtekstar.

Gode overskrifter gir lesaren raskt eit inntrykk av kva teksten handlar om. Mellomtitlar deler teksten i mindre delar og gjer han lettare å lese. Skriv korte forklaringar (figurtekstar) til bileta for å hjelpe lesaren å forstå innhaldet.

Vis lesaren til meir informasjon.

Har du mykje å fortelje? Lengre tekstar kan leggjast ut på ei nettside eller i ein digital presentasjon. Legg til ein QR-kode eller lenkje slik at lesaren enkelt kan finne meir informasjon.

Hald deg til eitt tema per tekst.

Det er lettare å lese ein tekst som held seg til éi hovudidé. Ikkje bland for mange tankar og tema i same tekst.

Les korrektur før du er ferdig.

Pass på at det ikkje er skrivefeil, og at setningane er tydelege. Les teksten høgt for å sjå om han flyt godt.

Tenk over skriftstorleik

Pass på at teksten er stor nok til at den er lett å lese på litt avstand. Storleik 16–24 på brødtekst og 28–30 på overskrift kan ofte passe bra, men prøv deg fram.

Kva font skal du bruke?

Bruk ein tydeleg og enkel font som er lett å lese, som til dømes Arial, Calibri eller Times New Roman. Unngå fontar med mykje pynt eller krusedullar, sidan dei kan vere vanskelege å lese.

ILLUSTRASJON

Vel bilete som passar til teksten.

Bileta eller illustrasjonane bør understreke budskapen i teksten og gjere innhaldet lettare å forstå.

Bruk klare og tydelege bilete.

Unngå uklare, mørke eller rotete bilete. Lesaren skal raskt kunne sjå kva biletet viser. Bileta må ha god oppløysing, slik at dei ikkje blir kornete eller uklare når dei vert skrivne ut eller forstørta.

Bruk bilete som du har rett til å bruke.

Ta eigne bilete eller teikningar, eller bruk gratis bilete frå nettsider med opne lisensar, som til dømes Unsplash, Pixabay eller Wikimedia Commons.

Lag enkle, tydelege illustrasjonar.

Teikningar eller diagram bør vere enkle og ryddige, utan unødvendige detaljar. Bruk gjerne fargar for å gjere dei meir interessante.

Tips:

Du kan bruke powerpoint til å lage enkle figurar eller gjere enkle redigeringar.

Tips:

Sirkulære Nordhordland. Har nokre ferdige illustrasjonar som du kan nytte.

LAYOUT

Lag ein ryddig og oversiktleg layout.

Teksten bør ha god luft rundt seg. Bruk punktlistor, avsnitt og gjerne fargar for å gjere sida spennande, men ikkje rotete. Powerpoint er eitt av programma du kan bruke.

Tenk gjennom plassering.

Sørg for at bileta ikkje "druknar" i teksten eller blir plasserte tilfeldig. Hald god avstand mellom bilete og tekst.

Ikkje bruk for mange bilete.

For mange bilete eller illustrasjonar kan gjere veggavisa rotete. Vel dei viktigaste som støttar opp om budskapet.

Tilpass storleiken på bileta.

Store bilete er fine til å fange merksemd, men dei må ikkje ta all plassen. Pass på at teksten framleis får plass.

Få innspel undervegs.

Print ut prøvesider, få andre til å sjå korleis det er å forstå innhaldet og arbeid vidare med det som må bli betre (til dømes nokon heime).

Bruk Sirkulære Nordhordland som inspirasjon og finn egne løysingar.


Berekraftig matproduksjon

Føretaken
Eit berekraftig matsystem i Norge er å velje produksjonar som best mogleg utnyttar lokale ressursar innanfor våre landegrensar, med høgt mogleg positive og høgt mogleg negative effektar for miljø, økonomi og sosiale forhold.

FN
Berekraftig matproduksjon er trygg og næringsskild mat, utan et det gjer på kostnad av naturen og tenestene den gjev oss.

www.forsaker.no

Landbrukskontora i regionen
Berekraftig matproduksjon er at vi produserer mest mogleg lokalt, basert på lokale ressursar.



Skogbruket i biosfæreområdet

Produksjonskogen
Produksjonskogen er 55 % av heile skogarealet i biosfæreområdet.
Produktut skogarealet er 877 800 skovler.

Dette er alle 81 skoglag i 800 skovlutsidder.

55 % gran, 1 % furu

Netto oppskott frå skogen i Norge 36,3 mill tonn CO₂ utslippstilsvarende.
Dette tilsvarer 32 % av totale norske utslipp.



Skogshistoria i Hordaland

Spikr, hassel, furu	Elk, lam, stind og	Furu skogbruket, spor av jordbruk	Avslagning av fyrstokk, lyngheia	Bekkesting på Sami	Ernemått i Modulen	Skogplanting i 80-årar	Skogbruket i skogplantinga
4 500	8 000	5 700	2 500	1 000	400	200	70 - 1 dag

Landbruket i Nordhordland

Landbruket har vore ein viktig del av Nordhordland i tusensvis av år. Allereie i yngre steinalder dukka kystbygningane opp som eit matproduserande landskap.

Sauar, geiter, kyr og heist var ute på beite frå tidleg vår til sein haust. Då vart dyra tatt inn i gjer for å berga seg over vinteren. Om hausten slakta dei for å få kjøtt, skinn og ull for vinteren. I lyngheiane kunne dyra gå ute også om vinteren og beite på den vintergrøne lyngen.

Å drive gård i Nordhordland var ikkje berre å ha husdyr gåande, det var vel så viktig å drive fiske. Fisken var den viktigaste proteinkjelda, fordi den alltid var tilgjengeleg gjennom året. Men å reise ut og fiske kunne ta dagar og veker.

Sjelforsyningsgraden i regionen er på om lag 33 %.

484 bønder og 600 åraverk






178 geit	1 325 ammekyr	31 888 haner	2 788 melleskyr	1182 slaktagris	28 756 vintertau sau	7 081 andre stulve
----------	---------------	--------------	-----------------	-----------------	----------------------	--------------------

PROTOTYPE

Pappkasser

Lag prototype med pappkasser og bruk eventuelt pappkasser som eit budsjettvenleg alternativ til ferdig tårn. Flyttekasser har om lag same dimensjonar som kassene i utstillinga «Sirkulære Nordhordland».




Vandretstillinga Sirkulære Nordhordland vart først bygd som ein prototype med pappkassar.
Foto: Vigdis Valde

UTSTILLING



Tårna i utstillinga Sirkulære Nordhordland består av kasser i finer eller MDF som er stabla oppå kvarandre. Hjul gjer det lett å flytte tårna.



Kanskje er det andre mål eller andre løysingar som passar best for dykk?

Kanskje har de materiale som kan gjenbrukast eller ombrukast til prosjektet?

Tips:

Vindaug, hyller eller luker i kassene skapar ein spennande variasjon!

Mål på tårna i vandreutstillinga Sirkulære Nordhordland.

INSPIRASJON



Vandretstillinga Sirkulæra Nordhordland på Helsehuset i Knarvik mai 2024.
Foto: Ruben Soltvedt.

UTSTILLING

UTSTILLINGSPLASS

Kven tar ansvar for å avtale utstillingsplass?
Kor lenge skal utstillinga stå?
Kven tar ansvar for å sette opp på utstillingsplassen?

INVITASJONAR

Skal nokon få invitasjonar til ei opning?

OPNING OG FORMIDLING

Korleis skal utstillinga formidlast?
Skal nokon seie noko under ei eventuell opning?
Skal det stå ein artikkel
på heimesida til skulen eller kommunen?
Skal ein sende ut ein pressemelding til lokalavisa(ne)?